

Eldre med rusliding i døgnbehandling

Alkoholbrukslidingar er den hyppigaste rusbrukslidinga i Noreg, og er mest vanleg blant unge vaksne mellom 18 og 35 år. Skadeleg bruk av alkohol er meir vanleg blant menn enn hos kvinner. Pasientar med ruslidingar har ofte også andre psykiske lidningar og kroppslege sjukdommar. Personar med rusliding kan få både poliklinisk behandling og døgnbehandling i spesialisthelsetensta.

Utval og definisjonar

Pasientar i alderen 65 år og eldre som i 2014–2018 hadde minst eit døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB), med rusliding som hovud- eller bitilstand er inkludert. Rusliding er definert ved ICD-10-kodane F10, F11, F12, F13, F14, F15, F16, F18, F19.

Døgnopphald er definert som opphald på meir enn null døgn i psykisk helsevern eller TSB. Døgnopphald med mindre enn åtte timar mellom utskrivning og ny innskriving er slått saman. Opphald lengre enn 365 dagar er ekskludert. Årsratane er registrert på året pasienten blei utskrivne.

Buområde	Tal pasientar	Tal opphald	Døgn per opphald
Helgeland	9	11	42,1
Finnmark	7	10	30,8
Nordland	17	28	30,5
Innlandet	33	53	30,5
Vestre Viken	40	50	28,3
Lovisenberg	29	46	26,5
Diakonhjemmet	26	42	26,2
Telemark	31	40	26,2
Stavanger	32	47	25,6
UNN	26	41	25,3
Fonna	15	19	25,1
OUS	46	67	24,3
Bergen	50	74	23,2
Ahus	51	68	22,5
Førde	12	19	22,4
Østfold	26	35	22,3
Vestfold	21	28	22,1
Nord-Trøndelag	15	24	20,9
Sørlandet	31	43	19,5
St. Olavs	34	51	19,1
Møre og Romsdal	32	60	14,1
Noreg	584	854	24,1


Døgnbehandling for eldre (65 år +) med rusliding, i psykisk helsevern og TSB. Tal pasientar, tal opphald og døgn per opphald fordelt på bområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år hadde 584 eldre med rusliding døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling, til saman 854 opphald per år i Noreg.

Pasientraten varierte i bområda frå 0,4 til 2,8 eldre pasientar med rusliding i døgnbehandling per 1 000 innbyggjarar per år.

Opphaldsraten varierte i bområda frå 0,6 til 4,2 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, med 1,0 som gjennomsnittleg årsrate. Opphald for eldre med rusliding varte i gjennomsnitt 24 døgn, og varierte mellom bområda frå 14 til 42 døgn per opphald.



Kjelde: NPR/SSB

Opphaldsrate, eldre (65 år +) med rusliding i døgnbehandling. Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på bområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Variasjonen i opphaldsratar er stor, men det er få eldre med rusliding som får døgnbehandling, med unntak av i hovudstadsområdet. Opphaldsratane kan derfor innehalde større innslag av tilfeldig variasjon og gi usikkerheit til ratane.